

ETNE KOMMUNE  
REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR  
EIRIKSVIK HYTTEFELT GNR 14 BNR 11,13

---

Revidert	14.02.2008
1.gangs handsama i planutvalet	16.06.2005.
Utlagt til offentlig ettersyn	27.06.05 - 28.08.05
2. gangs handsama i planutvalet	05.06.2008
Vedtatt i kommunestyret	16.06.2008

Desse føresegner gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

Området er regulert til:

Byggjeområde:	Fritidsbustader, bustadområde og naust(eksisterande)
Fellesområde:	Veg, parkering og grøntområde
Spesialområde:	Friluftsområde(land/sjø), privat småbåthamn(land/sjø), reinseanlegg kloakk, privat veg

### § 1

#### Felles føresegner

- Lavspent strømforsyning og eventuell telefon skal ligge i jordkabel
- Det er ikkje tillete å sette opp gjerde i planområde.
- Tiltak i sjø som faller inn under havne- og farvannsloven skal godkjennast av Kystverket.
- Dersom det under graving i planområdet kjem fram fornminne, skal arbeidet straks stansast og Fylkeskonservator varslast for nærare undersøking.

### § 2

#### Byggjeområde

- Det er ei hovudmålsetting at hyttene skal plasserast lavt i terrenget. Høgde på pel/grunnmur skal vurderast mot dei inngrep som må gjerast i terrenget.
- Tillete areal for bygning skal ikkje overstige 110 m<sup>2</sup> BYA.
- Maksimal gesimshøgde 3,6 m, målt frå topp grunnmur.
- Maksimal mønehøgde 6m, målt frå topp grunnmur.
- På kvar tomt skal det bare førast opp ei hytte, det er ikkje tillete med anneks.
- Hytta skal tilpassast naturen i området og ha ei god utforming. Utvendig skal det i hovudsak nyttast tre eller steinmaterial og naturvenlege fargar.
- Alle nye tomter skal opparbeidast med 2 parkeringsplassar på eigen tomt
- Grunnmur skal i hovudsak vere nedgrave, og der den vert synleg i ei høgde over ca 0,5m skal den forblendast med naturstein el. liknande
- Taket skal utformast som saltak med takvinkel mellom 27 og 35 grader, og tekkast med torv eller skifer.
- Der anna takform vil gi betre terrengetilpassing kan kommune gi dispensasjon for dette.
- Der hytte blir liggande i skrånande terreng skal møneretning som hovudregel følgje koteliner.
- Eksisterande terreng og vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på.
- Der hyttene står på pelar skal det murast med naturstein mellom desse.

### § 3

#### Fellesområde

- a) Dei interne vegane i feltet er felles for tomtene som inngår i planen.
- b) Hovudvegen inn til feltet vert fysisk stengd med bom. Hytteeigarane vil ha kvar sin nøkkel. Brannvesenet i kommune skal òg ha nøkkel.
- c) Den opparbeidde parkeringsplassen er forbeholdt hytteeigarane og deira gjester.
- d) Alle vegskjeringar skal beplantast eller behandlast på annan tiltalende måte.
- e) Felles grøntområde er felles for tomtene som inngår i planen.

### § 4

#### Spesialområde

I det regulerte friluftsområde vert det ikkje tillete utan vidare oppført nokon bygning. Bygg og anlegg som fremmar området sin bruk som friområde kan oppførast etter godkjenning av kommunen.

Det er avsett område ved sjøen til privat småbåthamn der det kan byggast molo for å fremme føremålet til felles båtplassar.

Alle tiltak i sjø krev løyve etter både Hamne- og farvasslova og Plan- og bygningslova.